



Ivar Areklett Garmann  
Areklettvegen 532  
5986 Hosteland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/857 - 22/7910


Sakshandsamar:  
Kjersti Furnes Soltvedt  
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:  
28.09.2022

## Melding om retting av bygningstype i matrikkelen gbnr 16/2

Ivar Areklett Garmann har sendt krav om retting av bygningstype for to bygningar på gbnr. 16/2, mottatt på e-post 28.09.2022.

Rettinga gjeld bustadhus med adresse Areklettvegen 532 og bygg med adresse Areklettvegen 546.



Kartutsnitt som viser bygningane kravet gjeld vist med husnummer 532 og 546

Bustadhuset er registrert i matrikkelen med bygningskode 123, *våningshus, tomannsbustad/vertikaldelt*. Garmann skriv at han ikkje kjenner til kvifor huset er registrert som tomannsbustad, men at det kan henge saman med at huset er ein eldre generasjonsbustad. Han skriv at det berre er éi bueining i huset. Bygningen er bygd før 1900. Masfjorden kommune har derfor ikkje byggjesøknad for bustaden då det på denne tida ikkje var søknadsplikt til kommunen. Av SEFRAK-registeret (Sekreteriatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg) går det fram at huset opprinneleg var eit våningshus. Kommunen har ikkje opplysningar som tilseier at det skal vere meir enn éi bueining i bustaden. Av byggjesøknad frå 2020 som gjeld tillbygg, går det også fram at det berre er éi bueining i huset. Ut i frå dette vert bygningskoden retta slik eigar ber om.

Den andre bygningen det vert kravd retting for, er registrert i matrikkelen med bygningskode 113, *våningshus*. Eigar viser til at dette er eit reiskapshus/gardsmuseum satt opp rundt år 1990. Kommunen har ikkje opplysningar som tilseier at bygget er oppført som bustadhus. Bilete av bygningen dokumenterer også at dette er eit reiskapshus. Bygningskoden vert derfor retta slik eigar ber om og adressa vert sletta då bygningen ikkje skal ha adresse.

### **Melding om retting**

**Bygningstype for bustadhus med adresse Areklettvegen 532 vert endra frå bygningskode 123, *våningshus, tomannsbustad/vertikaldelt* til bygningskode 113, *våningshus*.**

**Bygningstype for bygg med adresse Areklettvegen 546 vert endra frå bygningskode 113, *våningshus* til bygningskode 249, *annen landbruksbygning*.**

### **Klage:**

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46. Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt  
oppmålingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### **Mottakarar:**

Ivar Areklett Garmann

Areklettvegen 532 5986

Hosteland